



Veke 44: Møte 01.11.2023

Vi var 16 fram møtte. President Kjersti Martinsen opna møtet med dei to første versa av diktet «Årets tider», som Arild Nyquist (1937–2004) gav ut i diktsamlinga *Kelner!* frå 1979.

Ein av rotaryklubbane i Skien ønskjer å få til fleire intercitymøte i Grenland, og spør dei andre klubbane om kor mange slike møte dei kunne tenkje seg per halvår – og i staden for eller i tillegg til ordinære møte? I vår klubb er det stemning for eitt intercitymøte per halvår, attåt ordinære møte.

Tigris: Espen Hoell informerte om at eit ukrainsk bandura-orkester med 25 kvinner kjem til Noreg til våren – og 17. april blir det konsert i Ælvespeilet for rotaryklubbane i Grenland. Banduraen er eit lutt- og sitterliknande ukrainsk strengeinstrument. Rolf Theil fortalde at han nyleg har gitt ut ei bok (Band 2 av *Hadelandsdialekta*), at han for nokre veker sidan hadde grå stær-operasjon på begge auga, og at han er vald inn i Langesund sokneråd – og Rolf Heimdal i Stathelle sokneråd.

Kveldens foredragshaldar var vår eiga Sissel Berit Hoell, som fortalde om Rotaryfondet (TRF). Sissel Berit er DRFC – leiar av TRF-komiteen – i D2290. Ho begynte med å gjere oss merksame på at vi no gjekk inn i november, som har TRF som månadstema. TRF blei skipa i 1917, som ein ideell organisasjon som ikkje arbeider for økonomisk vinning, uavhengig av Rotary International. TRF har som mål å støtte Rotary Internationals innsats for å nå Rotarys mål om verdensforståing og fred gjennom lokale, nasjonale og internasjonale humanitære, opplærings- og kulturprogram. Bidrag til TRF kan avsetjast til fire formål: Annual Fund, Endowment Fund, PolioPlus og Rotary Peace Centers. Bidraga til *Annual Fund* går til fredsarbeid, kampen mot sjukdom, arbeid for reint vatn og gode sanitærforhold, arbeid for mødrer og born, utdanning, utvikling av lokale økonomiar og miljøvern. Berre *rentene* frå *Endowment Fund* blir nytta, og dei går til Annual Fund og administrasjon av TRF. *PolioPlus* har som mål å utrydde polio innan 2026. I dag finst epidemiar av «vill poliovirus» berre i nokre mindre område på begge sider av grensa mellom Pakistan og Afghanistan. Rotary Peace Centers står bak eit studieprogram i internasjonale relasjonar, konfliktløysing og fredsstudium ved sju universitet. Sissel Berit forklarte også korleis TRF fungerer – kva som skjer med pengar som vi betaler inn til *Annual Fund*. Ho forklarte vidare korleis ein opprettar avtalegiro for pengegaver til TRF: Gå til heimesida til Norsk Rotary Forum og søk på ordet *autogiro*.

Etter foredraget informerte Kari Herder Kaggerud om eit møte 13.12. på Knutepunktet, der det trengst folk som kan hjelpe til frå 8.30 til 14.30. Espen Hoell fortalde at Langesund RK har stand kl 10–16 på Torget i Langesund; her trengst det òg folk!

Langesund, 5. november 2023, Rolf Theil.

Årets tider Arild Nyquist



Nå er høsten her
og høsten er en liten gul mann
som kommer ut av skogen
med kofferten sin og plukker lauvet ned av
trærne og tar med seg blomsterstilkene og mange
av fuglene, og så maler han himmelen
grå og mørk, og lager triste søledammer i veiene.

Så kommer en liten hvit dame
og det er vinteren, det, og hun har spade og ryggsekk
med seg og legger snø utover markene, og snøklatter
oppe i trærne, og så gir hun menneskene tykke
skjerf og luer og røk ut av
munnene, og røk ut av pipene
på husene også – og himmelen maler hun kald og
hvit og gir lufta kuldegrader.